# Oppfølgingsliste 8/2014

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 1/11 | Forvaltningsrevisjon 2011 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune – handsaming av rapport | 8.2.11 | Innan utgangen av 2012<br><br>Ny oppfølging H-2013<br><br>Ny oppfølging V-14 og januar 2015 | 8.2.2011: Sendt til FT<br>6.4.2011:Oppfølging av administrasjonen iflg. FT-vedtak innan 31.12.2011med rapport til KU.<br><br>12.2: Samtale med Jan Øhlckers<br>Etter det som kom fram i møtet med Øhlckers vil det først kome noko status frå dette prosjektet H-13. Følgjast opp vidare.<br><br>5.3.14:Samtale med Roar Nesset: Bygge- og eigedomstenesta har måtta prioritert investeringsoppfølging i samband med skulebruksplanen, men vil prioritere oppfølging av dette prosjektet H-14. Ny rapportering etter 31.12.14. Roar vil følgje opp tilrådingspunkt 7 - 9, og kome tilbake med rapport med status på oppfølging av desse punkta.<br>Sjå sak 24/14 lenger ned på lista. |
| 15/13 | FR – bygge og eigedomstenesta – oppfølging av FT-sak 23/08 | 2.4 | Utgangen av 2014 | Kontrollutvalet ber i vedtaket om ny rapport etter vurdering av omorganiseringa av vaktmeistertenesta innan utgangen av 2014.<br><br>5.3.14:Samtale med Roar Nesset: Det vert i samtalen vist til eit prosjektnotat datert 25.02.14 ang. organisasjonsutvikling i bygge- og eigedomsforvaltninga, der det vert vist til at organisasjonsmessig plassering av driftsteknikarane er planlagt ferdigstilt innan 01.08.14 |
| 23/13 | Forvaltningsrevisjon Energi og Miljø – oppfølging av rapport | 28.5 | Ny oppfølging innan utgangen av 2013<br><br>Oppfølging V-14 | KU tok rapporten frå fylkesrådmannen til etterretning. Utvalet ba om ny rapport når resterande oppfølgingspunkt er opfølgde, seinast innan utgangen av 2013.<br><br>5.3.14: Samtale med Roar Nesset: Det vert i samtalen vist til vedtak i FT-sak 34/13 - Rullering av handlingsprogam for Fylkesdelplan for klima og miljø 2014 - 16. KU vil få brev med oppfølginga av prosjektet ifm fylkestingssaka.<br>**AVSLUTTA (**sjå sak 38/14) |
| 34/13 | Forvaltningsrevisjon Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar – handsaming av rapport | 27.8 | H-13<br><br>H-14 | Kontrollsjefen kom med endringsframlegg til pkt. 3 i vedtaket. KU vedtok tilrådinga med endringsframlegget. Rapporten vart sendt til fylkestingshandsaming i oktober<br><br>15.10.13<br>Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding, og tok dermed rapporten til etterretning. Samtidig vart fylkesrådmannen bedt om å gjennomføre tiltak som er kravd for at tilrådingane 1-8 og 10 og 11 vert gjennomførde og meldt tilbake til kontrollutvalet innan 1.10.14 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 53/13 | Skriv, meldingar og orienteringar 26.11.2013 | 26/11 | V-14 | 26/11 Protokoll i saka:<br>1. Mandat for offentleg utgreiing om ny kommunelov<br>*Mandatet vart teke til orientering. Utvalet ba kontrollsjefen om å invitere leiar i kommunelovutvalet til eit møte i kontrollutvalet 2014 for å informere om arbeidet og for å få innspel frå eit kontrollutval til det vidare arbeidet.*<br>*Leiaren i Kommunelovutvalet, Oddvar Flæte er invitert til og vil stille på kontrollutvalet sitt møte 25.11.14*<br>**AVSLUTTA** |
| 10/14 | FR 2009 – Kompetanseprofil i fk – oppfølging | 18.3 | Feb. 2015 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek status og tidsplan frå fylkesrådmannen datert 19.2.2014 til vitande<br>2. Utvalet ber om ny statusrapport innan 31.1.2015 med ein konkret framdriftsplan om gjenståande oppfølging av fylkestingsvedtaket i FT-sak 18/10 |
| 15/14 | FR Tryggleik og beredskap - rapport | 18.3 | Januar 2015 | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon Tryggleik og beredskap til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 6 i rapporten<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for gjennomføring og plan for eventuelt vidare arbeid innan 31.12.14<br>Fylkestinget sitt vedtak i saka er i samsvar med tilrådinga frå kontrollutvalet. |
| 16/14 | Skriv, meldingar og orienteringar | 18.3 | | 18.3 Protokoll i saka:<br>4. Brev frå fylkeskommunen til Skatt Vest<br>*Brev med klage på vedtak om etterrekning av meirverdiavgift etter avgrensa kontroll av kompensasjonsoppgåva for juli – august 2013vart teken til orientering.*<br>Sjå sak 53/13 pkt. 1 |
| 21/14 | Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde | 27.5 | FT okt 14. | K.sjef inhabil, KU vart i møtet vurdert til å vere habile til å behandle saka av K H Grepstad<br>Slik tilråding til fylkestinget vart vedteken:<br>1. Fylkestinget tar rapporten frå SF-revisjon om fylkeskommunen sitt reglement om |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | arbeidsvilkår for folkevalde til vitande.<br><br>2. Fylkestinget viser til konklusjonen til revisjonen, og ber fylkesrådmannen om ei avklaring av omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4 i reglementet, og at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar blir vurdert ev. ved ei endring i reglementet, jf. fylkesrådmannen sin merknad til rapporten.<br><br>3.Fylkestinget ber om å få framlagt ei sak til handsaming i oktober som oppfølging av pkt. 2 i vedtaket.<br><br>Fylkestinget vedtok 12.6.14 å utsette saka, og ba gruppeleiarane om å kome med ei tilråding i saka.<br>**AVSLUTTA** |
| 23/14 | Forvaltningsrevisjon av innkjøp – oppfølging av vedtak i FT-sak 28/13 | 27.5 | 01.10.14, rapport frå frm | Kontrollutvalet vedtok å ta rapporten frå frm til vitande og ber i vedtaket om ny rapport innan 1.10.14 |
| 24/14 | Forvaltningsrevisjon 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av rapport | 27.5 | V-2015 | KU vedtok å ta rapporten frå frm til vitande, og ber frm om tilbakemelding om rutinane vedrørande handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt innan utgangen av 2014 |
| 31/14 | Forvaltningsrevisjon – Samhandling – val av prosjekt | 17.6 | H-14 | Vedtak i utvalet:<br><br>1. Kontrollutvalet diskuterte det etiske ved val prosjekta for nærare gjennomgang og vedtok å halde fast på valet av prosjekt i KU-sak 17/14.<br>**AVSLUTTA** |
| 33/14 | SK 2014 – FR F1 Holding - prosjektplan | 26.8 | | Kontrollutvalet vedtok prosjektplanen med endringar som kom fram i møtet. Oppdatert plan skal sendast medlemmane<br>Kontrollutvalet ba i vedtaket om rapport innan utgangen av 2014 |
| 35/14 | Kontrollutvalet – Budsjett 2015/Økonomiplan 2015 - 18 | 26.8 | | Kontrollutvalet vedtok eige budsjett som vert sendt til administrasjonen slik at budsjettet vert handtert som ein del av fylkeskommunen sitt budsjett.I tillegg gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:<br>4. Kontrollutvalet går inn for utgreiing av konsekvensar for følgjande mogelege område for langsiktige innsparingar - 410 Kontrollutvalet.<br>a. Endring frå 5 til 3 representantar i kontrollutvalet<br>b. Kontrollutvalsmedlemmane vert valt frå fylkestinget sine medlemmer<br>c. Kontrollutvalsrepresentantane sin møtepraksis på fylkestinget og på politikardagar<br>d. Opplæring av kontrollutvalet<br>e. Tal møte i kontrollutvalet<br>f. Effektivisering av |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | kontrollutvalssekretariatet<br>g. Selskapskontroll som eigarskapkontroll vert utført av sekretariatet<br>h. Rådgjeving vert budsjettmessig overført frå kontrollutvalet til den eininga som nyttar tenesta<br>i. Overordna analyse vert gjennomført av sekretariatet<br>j. Omfanget av forvaltningsrevisjon |
| 37/14 | Skriv, meldingar og orienteringar | 26.8 | | KU vedtok følgjande:<br>1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS<br>a. Samhandling<br>b. Tilskotsforvaltning<br><br>*Deloitte orienterte om at prosjekt samhandling vert ytterlegare forsinka på grunn av forsinka tilbakemeldingar frå fylkeskommunen. Forseinkinga har resultert i kapasitetsutfordringar hjå Deloitte med å få ferdigstilt prosjektet i tide. Dette resulterer i at rapporten blir vanskeleg å få ferdig til handsaming i kontrollutvalet i november. Kontrollutvalet ber om at tidplanen med handsaming i november blir halden.*<br><br>*Prosjekt tilskotsforvaltning er i rute, og vil bli ferdig til handsaming i november med atterhald om at tidsfristane for tilbakemelding frå fylkeskommunen vert haldne.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Status desisjonssaka v/kontrollsjef<br><br>*Kontrollsjefen orienterte om status for saka. Vurderingane som var bestilt av Deloitte AS er mottekne. Det er eit par avklaringar som må på plass, rapport må skrivast og det må gjennomførast høyringsprosess før saka kan leggast fram for utvalet.*<br>**AVSLUTTA** |
| 38/14 | Forvaltningsrevisjon Energi og miljø – Oppfølging av rapport 2014 | 23.9 | | Kontrollutvalet vedtok at oppfølging av prosjektet er ferdig. (Sjå sak 23/13)<br>**AVSLUTTA** |
| 39/14 | Forvaltningsrevisjon – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – prosjektplan | 23.9 | Mai 2015 | KU vedtok følgjande:<br>1. Prosjektplanen datert 09.09.2014 frå Deloitte AS vert godkjent slik den ligg føre. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2. Oppstart av prosjektet vert 1.12.2014.<br>3. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 01.05.2015 |
| 40/14 | Forvaltningsrevisjon – Fylkesarkivet – bestilling | 23.9 | Oktober 14 | KU vedtok:<br>1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Fylkesarkivet» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling<br>2. Vedteken bestilling vert sendt Deloitte AS |
| 41/14 | Revisorbrev 01/2014 | 23.9 | 1.11.14 | Vedtak i KU:<br>1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 01/2014 til etterretning.<br>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i revisorbrev 01/2014.<br>3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 01.11.2014 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet |
| 42/14 | Status Forvaltningsrevisjon 23.9.14 | 23.9 | | KU vedtok å ta status til vitande.<br>**AVSLUTTA** |
| 43/14 | Oppfølgingslistre 7/2014 | 23.9 | | KU vedtok å ta status til vitande.<br>**AVSLUTTA** |
| 44/14 | Skriv, meldingar og orienteringar 23.09.14 | 23.9 | | Vedtak:<br>1. Status forvaltningsrevisjonsprosjekt under arbeid v/Deloitte AS<br>a. Samhandling<br><br>*Det er avtalt intervju med assisterande fylkesrådmann veke 39. Informasjonsinnsamling vert ferdig ved utgangen av september. Rapport ferdig utgangen av oktober. Høyring i november. Det er mogeleg rapporten vert ferdig til handsaming i kontrollutvalet 25. november.*<br>**AVSLUTTA**<br>b. Tilskotsforvaltning<br><br>*Intervjuavtaler denne veka(39). Ferdig med intervju i løpet av veke 40. Verifisering og høyring i midten av oktober. Rapport blir ferdig til handsaming i kontrollutvalsmøtet 25. november, med atterhald om at ein unngår ytterlegare forseinkingar.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Finansiell revisjon<br>a. Plan for finansiell revisjon – orientering v/SF revisjon IKS |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *SF revisjon IKS orienterte om plan for finansiell revisjon, og utvalet fekk ein grundig gjennomgang av revisjonsoppdraget med vurdering av oppdraget og handlingar som revisor skal gjennomføre der risikovurdering og vesentlegheit er sentrale tema. I tillegg informerte revisor om prioriterte handlingar i 2014. Utvalet tok orienteringa til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Orientering om status i mva-saken mot Statens vegvesen v/SF revisjon IKS<br><br>*SF revisjon orienterte om status for mva-saken mot Statens Vegvesen der brev frå SF revisjon 12.09.14 til Skatt Vest vart gjennomgått. Kreditnota på i overkant av 6 mill. kroner er ikkje teken med i kompensasjonsoppgåva for 3. kvartal då mesteparten av denne summen er meirverdiavgift som fylkeskommunen ikkje har fått kompensert for.*<br><br>4. Status desisjonssaka v/kontrollsjef<br><br>*Kontrollsjef gjekk gjennom rapport, som er sendt på høyring hjå fylkesrådmannen. Frist for tilbakemelding er sett til 26. september. Rapporten skal handsamast i kontrollutvalet 6. oktober.*<br>**AVSLUTTA**<br>5. Tertialrapport 2-2014<br><br>*Rapporten vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>6. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef<br><br>• Leiar i kommunelovutvalet, Oddvar Flæte er invitert og vil delta i kontrollutvalsmøtet 25. november.<br>• Det er sett opp eit ekstraordinært KU-møte 6. oktober kl. 0900. Møtet vil bli avvikla som telefonmøte.<br>• Kontrolluvalet diskuterte innspel som leiar kan ta med til møte Finansutvalet 24. september.<br>**AVSLUTTA** |
| 45/14 | Møtebøkene for FU og HU 2013 til desisjon | 6.10 | FT 14.10.14 | **Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br>1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013 vert teken til etterretning. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |

Oppdatert 7.10.14